

HØYRINGSUTKAST

STANDARDFORESKRIFT FOR SLAMAVSKILJARAR, TETTE TANKAR OG MINIREINSEANLEGG.

Styret i NoMil har gjort følgjande vedtak i sak 19/24:

« Styret i NoMil legg framlegg til revidert «Standardforskrift for slamavskiljarar, tette tankar og minireinseanlegg» ut på høyring med frist 20. august 2024 før endeleg vedtak i eigarkommunane.»

Bakgrunn:

Standardforskrift for slamavskiljarar, tette tankar og minireinseanlegg regulerer forholdet mellom NoMil, kommunane og abonnentane. Gjennom standardforskrifta gjev kommunane NoMil løyve til å stå for gjennomføring av ordninga med tvungen kommunal slamordning.

Gjeldande standardforeskrift er sist revidert i samband med kommunereform og gjeldande frå og med hhv. 2016 og 2018.

Det har no vore behov for oppdatering av føreskrifta i samsvar med gjeldande regelverk og praksis.

Revidert Standardforeskrift for slamavskiljarar, tette tankar og minireinseanlegg vert no lagt ut på høyring før endeleg vedtak i kommuneane Bremanger, Stad og Gloppen.

Høyringsutkastet byggjer på gjeldande føreskrift, og med forslag om endringar på nokon områder:

- språk, definisjonar
- gjeldande lover og føreskrifter
- NoMil kan gje nærmare rettleiing for gjennomføring av forskrifta sine føresegner, medrekna fastsette detaljkrav
- det er gjort presiseringar knytt til saksgang for klagehandsaming, oppretting av særskild klagenemnd i NoMil, og henvisning til Forvaltningslova og Offentlegheitslova

Styret i Nordfjord Miljøverk IKS sitt framlegg til revidert Standardforeskrift for slamavskiljarar, tette tankar og minireinseanlegg vert lagt ut på høyring på www.nomil.no og på den einskilde kommune sine heimeside.

Høyringsuttale skal sendast til post@nomil.no eller til Nordfjord Miljøverk IKS, Eidsmona 36, 6823 Sandane.

HØYRINGSFRIST: 15. oktober 2024

Vedlegg:

- Forslag til ny Standardforeskrift for slamavskiljarar, tette tankar og minireinseanlegg
- høyringsutkast.

Forslag til ny Standardforeskrift for slamavskiljarar, tette tankar og minireinseanlegg – høyringsutkast

(endringar i blå skrift)

Heimel:

Forskrift gjeve i medhald av Lov av 13. mars 1981 nr 6 " om vern mot forurensningar og om avfall" (Forurensningsloven) § 26, 30 og 34, 83.

Nordfjord Miljøverk IKS vert i forskrifta skrive NoMil.

§ 1 FORMÅL OG MYNDE

Forskrifta har som formål å sikre miljømessige, økonomisk og helsemessig forsvarleg tømning, transport og slutthandsaming av slam frå slamanlegg i kommunen.

NoMil er av kommunestyra tildelt einerett, og overtek med heimel i denne forskrifta kommunen sine rettar og plikter for saker som gjeld innsamling, transport og handsaming av slam.

NoMil overtek eigedomsretten til slammet som vert samla inn av eller til NoMil.

§ 2 VIRKEOMRÅDE

Forskrifta gjelde tømning og/eller avvatning og transport av avløpsvatn og slam frå alle private slamavskiljarar, tette tankar, minireinseanlegg og kommunale anlegg mv. frå dei eigedomane som er omfatta av den kommunale slamtømmeordninga.

Alle eigedommar mv. der det er slike anlegg skal være med i den kommunale ordninga og betale for tømning. Forskrifta gjeld også for tømning av tette oppsamlingstankar med ubehandla sanitært avløpsvatn og slam jf. Forureiningslova § 26.

§ 3 RETTLEIING TIL FORSKRIFTA

(ny)

NoMil kan gje nærmare rettleiingar og retningslinjer for gjennomføring av forskrifta sine føresegner, medrekna fastsette detaljkraav til mellom anna:

- Plassering av slamanlegg og oppstillingsplass for slambil.
- Uynskt stoff
- Kontroll og tilsyn av slamavskiljarar og minireinseanlegg
- Tilleggstenester
- Tømmefrekvens

§ 4 DEFINISJONAR

(tidlegare §3)

Abonment:

Eigar/festar av eigedom som er registrert i grunnboka med eige gards- og bruksnr., eige festenr. eller seksjonsnr., og som er tilknytt slamanlegg.

Det same gjeld festar av eigedom der festeavtale ikkje er registrert i grunnboka, men der festar eig dei bygningane som er plassert på tomte og utøver festerett slik det går fram av lov om tomtefeste.

Avløpsvatn:

Sanitært overvatn frå alle typar avløp. Gjeld hushaldningar, fritidsbustadar, og liknande som er omfatta av kommunale reglar for avløps- og reinseanlegg som er lagt under kommunal godkjenning.

Gjeld og eigedomar som har separering av svartvatn og gråvatn.

Svartvatn er avløp berre frå toalett, og gråvatn er anna avløpsvatn frå eigedom.

Slam:

Er det faste stoffet etter avvatning eller reinsing av avløpsvatnet.

Rejektvatn :

Er returvatn etter avvatning av slammet.

Slamanlegg:

System med ein eller fleire tankar for oppsamling og/eller reinsing av avløpsvatn som til dømes slamavskiljar, tett tank, minireinseanlegg etc.

Tømmeplan:

Ein plan fastsett av NoMil for å gjennomføre ei effektiv og rasjonell tømning av slam for eit større område, som også tek omsyn til tømmefrekvens i gjevne utsleppsløyve.

Ordinær tømning:

Planlagt tømning etter fastsatt tømmefrekvens.

Ekstratømning:

Tilleggstømning utanom fastsett tømmeplan 14. dagar etter innmeldt tømning.

Nødtømning:

Tømning som gjennomførast innan 24 timar

§ 5 INNSAMLING AV SLAM

(tidlegare §4)

I samsvar med Forurensingslova § 26 er det tvungen kommunal slamtømning frå alle eigedommar i kommunen kor det oppstår slam som er omfatta av slamtømmingsordninga.

Ingen kan utføre tømning av slam frå sanitæranlegg utan skriftleg samtykke frå NoMil.

Forskrifta gjeld for heile kommunen, med mindre kommunen sjølv har unnateke einsskilde eigedomar eller geografiske område der det ikkje er tilfredsstillande tilkomst

§ 6 ABONNENTANE SINE PLIKTER

(tidlegare §5)

Abonnenten pliktar å innordne seg til ein kvar tid gjeldande tømmeplan. Dersom abonnenten etter førehandsvarsel ikkje har klargjort slamanlegget inkl. tilkomstveg for tømming, eller frakta fram slammet mv. blir ikkje ordinær tømming gjennomført. Ekstrakostnader som NoMil blir påført må då dekkast av abonnenten, jf. § 34 i forureiningslova.

Abonnenten skal sørge for at anlegget er tilgjengeleg for tømming. Lok skal vere køyresikre når dei kan bli utsett for overkøyning. Overdekking av kumløkk med snø, is, jord osv. skal fjernast av abonnenten før tømming vert utført. Kumløkk må merkast med pinne/stikke for at det skal vere lett å finne. Tre og busker som er til vesentleg hindring skal fjernast av abonnenten før tømming.

Slamanlegget må ikkje ligge meir en 50 meter frå køyrbar veg.

Køyreveg som skal brukast i samband med tømming, skal ha snuplass eller vere gjennomgåande, og dessutan ha kurvatur, stigningstilhøve, breidde og styrke som er godkjent for lastebil jf. Statens vegvesens handbok N100, bruksklasse BK10 med eit akseltrykk på minst 8 tonn og minst 10 meter lengde. Vegen må ha ei fri høgde på minst 4 meter.

Private vegar og fellestilkomst vert normalt sett ikkje rekna som køyrbar veg.

Dersom NoMil skal nytta privat veg eller fellestilkomst, kan NoMil krevja at det vert inngått skriftleg avtale om rett til å nytta den private vegen for innsamling av hushaldsavfall og kan stille vilkår om at vegen har naudsynt standard mv. betene den mobile slamavvatningseininga.

NoMil kan gi nærare retningslinjer for krav til køyrbar veg i samband med slamtømming.

Dersom abonnenten ikkje har køyrbar tilkomstveg for slamtømmekøyretøy, kan NoMil pålegge at abonnenten utbetrar tilkomsten, eller at abonnenten sjølv sørger for at slammet blir frakta bort og behandla på ein helse- og miljømessig god måte. Slamhandteringa skal godkjennast av NoMil.

Botnen i tanken kan vere maksimum 6 meter lågare enn høgaste terrengpunkt mellom tank og oppstillingsplass.

Anlegg som etter oppsett tømmeplan ikkje kan tømmast med slambil på grunn av vegstandard eller manglande tilkomstveg, kan bli tømt med anna tilpassa utstyr. NoMil tek avgjerd for kva for eigedomar som må tømmast med slikt utstyr. Heile anlegget må kunne tømmast frå same oppstillingsplass, og vere slik at bilen står tilnærma horisontalt under tømming. Den som tømmer anlegget har rett til å plassere naudsynt utstyr på eigedommen for å få utført tømming.

Eventuelle låseanordningar og avstengingar etc. av slamanlegget skal avtalast med, og godkjennast av NoMil, eller den NoMil har delegert oppdraget til.

NoMil eller den som tømmer har ikkje ansvar for skade på privat veg og snuplass, med mindre det kan påvisast at ein har vore aktlaus. Det er eigar si plikt å sørge for at tømming kan utførast.

Eigar må ta kontakt med NoMil eller renovatør dersom tanken skal tømmast utanom den fastsette tømmeplanen.

Abonnentar som har tank/tankanlegg med avvik, varslar NoMil kommunen om feil og manglar som må utbetrast. Kommunen har oppfølgingsplikt, og fakturerer eigedomen for ekstra kostnader som påløper med dette. Abonnenten er pliktig til å melde frå om endring i tekniske installasjonar og anleggsutføring, jf. Plan- og bygningslovens føresegrer.

Avløpsvatnet skal ikkje bli tilført uønskt stoff som medfører redusert slamkvalitet, redusert reinsegrad, helsefare eller andre miljølemper. Berre toalettpapir, avløpsvatn og urin/ekskrement kan skylast ned i tanken. Ved tømning av slamavskiljarar blir innhaldet suge opp og separert, reinsa vatn blir returnert på tanken.

Ved tømning av tette septiktankar blir heile tanken tømt utan retur av reinsa vatn. Tanken må ikkje innehalde framandelement som f.eks. Q-tips, bleier, bind, våtserviettar, moppar, tekstilar etc. Det er også viktig at tanken ikkje blir tilført større mengder med frityrolje osv. Dette må i staden bli levert i tette behaldarar på en gjenvinningsstasjon.

Ureining kan føre til at tanken ikkje lar seg tømme. Slike framandelement løyser seg dårleg opp og tettar og øydelegg rør, slangar og filtre i avvatningseiningane.

Dersom husstanden gjentatte gonger kastar framandelement eller anna i tanken som skaper driftsproblem for slambehandlinga, kan abonnenten bli belasta med ekstra behandlingsgebyr.

Når ein eigedom med eige slamanlegg blir kopla til offentleg kloakksystem skal det gjennomførast ei sluttømning slik at alt sanitærvatn blir behandla på godkjent måte.

§ 7 RETTAR OG PLIKTER TIL KOMMUNEN OG DEN SOM UTØVER TØMMING.

(tidlegare §6)

NoMil skal sørge for tømning av slamanlegg, uansett kor ofte systemet må tømmast.

NoMil fastset i samråd med renovatør tømmeplan, og pliktar å sende varsel om tømning til abonnenten seinast 2 veker før tømning skal skje. Fritidsabonnentar skal varslast seinast 4 veker før tømning.

NoMil pliktar å tømme alle anlegg som er omfatta av denne forskrifta, og i tråd med den tømmefrekvens som er omtala i § 6-1. For å dekke abonnenten sitt behov, skal NoMil i tillegg til ordinær tømning, og kunne tilby ekstratømning.

NoMil har rett til å tilbakeføre rejeaktvatn frå slambil til slamavskiljar som blir tømt. Tømning skal utførast slik at dei som bur der ikkje bli unødig plaga av støy og lukt.

Etter tømning skal anlegget forlatast i lukka stand, grinder, dører og porter skal vere lukka. I dei tilfelle der abonnenten ikkje har bupel på den adressa der tanken/tankane ligg, skal vedkomande varslast etter utført tømning.

§ 8 REGISTRERING AV NYE TANKAR, BYGNINGAR,

(tidlegare §7)

Kommunane melder inn til NoMil når bruksløyve vert gjeve for bygning med slam. Når bruksløyve er gjeve, vert bygning og tank lagt inn med tømning frå neste tømmerunde. (bygningar utan bruksløyve har ikkje dekning i forsikring og liknande, og tinging av tømning av tankar utan bruksløyve vert fakturert som ekstra tømning eller naudtømning.)

§ 9 TØMMEFREKVENNS.

(tidlegare §8)

Tømmefrekvens for slamanlegg skal vere i samsvar med gjeldane forskrifter og løyve.

Tømming skal utførast:

- kvart 2. år for eigedom med fast busetting tilknytt slamavskiljar (standard ordning)
- kvart 4. år for eigedom utan fast busetting tilknytt slamavskiljar og for fritidsbustad
- kvart år for eigedom med tett tank skal tømmast, ekstra tømming før neste ordinære tømmerunde vert i tillegg til ordinær pris, fakturert for ekstra tømming.
- eigedomar som treng tømming før neste ordinære tømmerunde, vert det i tillegg til ordinær pris, fakturert for ekstra/nød tømming.
- andre slamanlegg, prefabrikkerte reinseanlegg med vidare skal tømmast etter behov.
- minireinseanlegg skal tømmast etter avtale/spesifikasjon frå leverandør av anlegget.

§ 10 GEBYR

(tidlegare §9)

I medhald i forureiningslova sin § 34, skal NoMil krevje gebyr frå abonnentar som blir omfatta av denne forskrifta.

Gebyret dekker ordinær tømming. Kostnader ved ekstratømming/ nødtømming kjem i tillegg til ordinært gebyr, og skal betalast av abonnent.

Om abonnenten nektar tømming, eller at det av ein eller annan grunn ikkje kan føretakast tømming, skal det likevel betalast gebyr.

Gebyret vert innkravd av NoMil i samsvar med gebyrregulativet vedtatt årleg av kommunestyret.

Gebyrplikta gjeld også for eigedommar som ikkje er i bruk. Unntak frå krav om tvungen tømming og gebyrplikt kan imøtekomast når vatnet er avstengt og plombert av godkjent rørleggjar (kommunen har eigen gebyrsats for avstenging/plombering). Tanken skal tømmast før plombering. Kostnader ved plombering og evt. opning blir bestilt/dekkes fullt ut av abonnenten. Ferdigmelding for dette skal sendast både til kommunen og NoMil.

Standard gebyr gjeld for eigedom/bueining med fast busetnad som har tømmefrekvens kvart 2. år, tankar over 4,5m³ vert fakturert etter m³ og oppmøte kostnad. Redusert gebyr gjeld for fritidsbustad og bustadhus som ikkje er i bruk som har tømmefrekvens kvart 4. år.

Gebyr for tette tankar med tømmefrekvens kvart år etter eigen sats. Gebyr for næringsseigedomar og industribygg vert vurdert individuelt ut frå storleik.

Gebyret skal dekke alle kostnader som NoMil, eller den ansvaret er delegert til, har med innsamling, transport og handsaming av slammet.

Gebyr for slamtømming med påløpte renter og kostnader er sikra med lovbestemt pant etter panteloven § 6-1. Om renteplikt ved for sein betaling og inndrivning av gebyr gjeld reglane i lov 6.juni 1975 nr.29 om eigedomsskatt til kommunane § 26 og § 27 tilsvarande.

Ved registrering av nye abonnentar eller ved endring av eksisterande abonnement, blir nytt gebyr rekna frå den fyrste i månaden etter at endringa er meldt til NoMil, eller den ansvaret er delegert til.

Tilsvarande blir gebyret rekna fram til den siste dagen i månaden der gebyrplikta vert avslutta. Ved endring av tømmeffrekvens frå kvart 4. år til kvart 2. år, må ein dekke inn justert gebyr frå sist gjennomført tømning til start ny ordning og neste tømmerunde.

Kommunale og private fellesanlegg for fleire bustadhus, bustadfelt, verksemder, industriområde og andre typar byggeområde eller tettstadar, skal tømme i samsvar med det som er oppgjeve i utsleppsløyve, eller når NoMil/kommunen vurderer at tømning må gjerast.

§ 11 UNNTAK

(tidlegare §10)

Kommunen kan etter skriftleg og grunngjeven søknad, gje dispensasjon frå denne forskrifta. Abonnet kan søkje om endra tømmeffrekvens. Frekvens kan berre justerast slik at dei vert tilpassa ordinær gjennomføring av tømning. Søknaden må være grunngitt. Fritak forutsett at det ikkje er fare for ureining og forutsett at slamanlegg, eller tank vert plombert. Ved innvilga søknad om fritak blir abonnementet avslutta frå 1. termin etter at stadfesting om plombert tank er mottatt.

NoMil kan i spesielle tilfelle etter søknad gje dispensasjon frå ein eller fleire av føresegner i forskrifta. Det er en forutsetning at en slik dispensasjon er i tråd med forskriftas formål. Det kan settast vilkår ved dispensasjonen.

§ 12 KLAGE

(tidlegare §11)

Forvaltningslova gjeld for handsaming av saker etter denne forskrifta. NoMil kan gje pålegg og kan treffe vedtak etter denne forskrifta.

Enkeltvedtak som er gjort av NoMil med heimel i forskrifta kan påklagast i medhald av § 85 i forureiningslova.

Enkeltvedtak treft av Nomil kan klagast på til særskild klagenemnd for Nomil, jf forvaltningslova § 28, 2. ledd, 2. punktum. Vedtak i den særskilde klagenemnda er endelege.

Enkeltvedtak treft av representantskapet i Nomil, kan klagast på til departementet, jf forvaltningslova § 28, 2. ledd, 3. punktum.

For enkeltvedtak etter offentleglova er Statsforvaltaren klageinstans, jf. offentleglova § 32, jf. offentlegforskrifta § 11.

For enkeltvedtak gjort av eigarkommunane i NOMIL, er overordna kommunalt organ, eventuelt overordna statleg organ klageinstans.

§ 13. SANKSJONAR OG STRAF.

(tidlegare §12)

NoMil kan pålegge den enkelte abonnet å utbetre eller etablere nye slamanlegg viss dette er naudsynt for å sikre tilstrekkeleg kapasitet i anlegget, for å sikre god behandling av slammet eller for å hindre at det oppstår unødige utslepp.

Brot på denne forskrifta kan straffast med bøter jf. Ureiningslova kapitel 10 § 79 annet ledd.

§ 14 IVERKSETJING.

(tidlegare §13)

Denne forskrifta trer i kraft frå 01.01.2025 når alle eigarkommunane i NoMil har vedteke forskrifta.

Frå same tidspunkt vert tidlegare «Standardforskrift for tømning av slamavskiljarar, tette tankar og minireinseanlegg i NoMil-området» oppheva.